



NORSK LOVTIDEND

Avd. I Lover og sentrale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 3. april 2025 kl. 08.05

PDF-versjon 3. april 2025

02.04.2025 nr. 576

Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskot til kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Heimel: Fastsett av Kommunal- og distriktsdepartementet 2. april 2025 til gjennomføring av Stortingets årlege budsjettvedtak.

Kapittel I. Føremål for ordningane

§ 1. Føremål

Tilskot til kompetanse og arbeidskraft i distrikta består av ordningane Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving, heretter omtalt som mobiliseringsordninga, og Tilskot til studiesenter, heretter omtalt som studiesenterordninga. Ordningane skal bidra til å betre tilgangen på arbeidskraft med etterspurd kompetanse og relevante utdanning- og kompetansetilbod i distrikta. Dei to ordningane har ulike delmål og kriterium slik det kjem fram av kap. II § 2 og kap. III § 6.

Føremålet med fylkeskommunale prosjekt og tilskot skal bidra til måloppnåing innanfor relevante regionale planar.

Kapittel II. Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving

§ 2. Føremål og geografisk verkeområde

Mobiliseringsordninga skal betre tilgangen på kompetent arbeidskraft i distrikta.

Måloppnåing skal bli vurdert etter følgjande kriterium:

- a. auka mobilisering av tilsette i offentlege og private verksemder, og dei som i dag står utanfor arbeidslivet, til utdanning og kompetanseutvikling
- b. styrkt regional koordinering og samarbeid for å kvalifisere og mobilisere fleire til utdanning og kompetanseutvikling.

Verkeområde for midlar under dette føremålet er heile landet, med unntak av Oslo kommune.

§ 3. Kven kan søkje om tilskot

Private og offentlege verksemder, stiftingar og organisasjonar som er registrerte med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra kan søkje om tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving.

§ 4. *Krav til innhald i søknaden*

Søknaden må innehalde følgjande opplysningar om søkjar og økonomi:

- a. namn på søkjar og organisasjonsnummer
- b. kontaktperson, administrativt ansvarleg eller prosjektleiar
- c. beløp på tilskot det blir søkt om
- d. beskriving av prosjektet som det blir søkt om midlar til
- e. eit spesifisert og kostnadseffektivt budsjett og finansieringsplan.

Eit prosjekt er her definert som ein konkret eller avgrensa innsats for å oppnå eit bestemt mål innanfor ei planlagt tids- og ressursramme.

Søknaden må innehalde følgjande omtale av prosjektet og forventa resultat:

- a. omtale av mål og målgrupper
- b. ei oversikt over samarbeidspartnerar og deira bidrag
- c. gjennomføringsplan for prosjektet, inkludert ressursbruk og tidsplan
- d. forventa resultat vurdert opp mot kriteria for måloppnåing, jf. § 2.

Søkjar skal sende inn søknad om tilskot i regionalforvaltning.no. Tilskotsforvaltar fastset søknadsfrist. Søknader som kjem inn etter fristen kan bli avviste.

Tilskotsforvaltar kan krevje ytterlegare dokumentasjon for å vurdere søknadane.

§ 5. *Tildelingskriterium og storleik på tilskotet*

Tilskotsforvaltar skal prioritere dei prosjekta som i størst grad bidrar til måloppnåing jf. § 2.

Tilskotsforvaltar kan gi tilsegn om tilskot til prosjekt med varigheit på inntil tre år med atterhald om Stortinget sitt årlege budsjettvedtak, eller fullfinansiere heile prosjektet det eine året. Tilsegna vil vere gyldig tilsegnsåret pluss to år. Etter det må ein søkje om tilskot på nytt (eventuelt søke om forlenging).

Midlane kan bli nytta til både å etablere eigne regionale søknadsbaserte tilskotsordningar og fylkeskommunale prosjekt, jf. § 15 fjerde ledd.

Samla tilskot til eit prosjekt for mobilisering til utdanning og kompetanseheving skal som regel ikkje overstige 50 prosent av kostnadane (som gjeld tilskota). Dette gjeld òg fylkeskommunane sine eigne prosjekt. Tilskotet skal berre dekke kostnader som er naudsynte for å realisere prosjektet og føremålet med ordninga.

Tilskotet må vere innanfor EØS-avtalen sine reglar om offentleg tilskot. Tilskot utbetalt etter forskrifta skal ikkje kryssubsidiere anna økonomisk aktivitet som kan vri konkurransen eller påverke samhandling i strid med Noregs EØS-forpliktingar.

Midlane kan ikkje finansiere følgjande:

- a. kausjon eller annan økonomisk garanti
- b. renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt
- c. avsetting av midlar til uspesifiserte fond
- d. fysiske bygg
- e. tiltak retta mot ei einskild bedrift.

Kapittel III. Tilskot til studiesenter

§ 6. Formål og geografisk verkeområde

Studiesenterordninga skal bidra til at utdanning og kompetanseutvikling blir tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette i verksemdar som ikkje kan følgje ordinær undervisning ved dei faste studiestadene som følgje av lange avstandar.

Måloppnåing skal bli vurdert etter følgjande kriterium:

- a. auka innsats for etablering av fleire etterspurde fleksible og/eller desentraliserte tilbod om utdanning
- b. auka tal på personar som tileignar seg etterspurd kompetanse
- c. fleire utanfor arbeidslivet får utdanning og kompetanseutvikling.

Eit studiesenter er ein fysisk møteplass og læringsmiljø som legg til rette for desentralisert og fleksibel utdanning og kompetanseutvikling i distrikta i samsvar med behova til individ og offentlege og private verksemdar. Det er vidaregåande skular, fagskular, høgskular og universitet som er fagleg ansvarleg for tilboda ved studiesentera.

Studiesentera oppmodast til å samarbeide med andre aktørar om å bruke eksisterande lokale som folkebibliotek, næringshagar og skular, til undervisning og samlingar. Desentraliserte og/eller fleksible tilbod ved studiesentera skal kome i tillegg til dei eksisterande tilboda i regionen.

§ 7. Kven kan søkje om tilskot

Private og offentlege verksemdar, stiftelsar og organisasjonar, som er registrerte med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra, kan søkje om tilskot til studiesentera.

§ 8. Tilskotsmottakarar som driv økonomisk aktivitet

Tilskot til studiesentera som driv økonomisk aktivitet blir tildelt som kompensasjon for tenester av almen økonomisk tyding, i medhald av lov om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde § 63 og vedlegg XV 1h, jf. Kommisjonsbeslutning av 20. desember 2011, artikkel 106 nr. 2 i traktaten om Den europeiske unions verkemåte på statsstøtte. Artikkelen omhandlar godtgjersle for utføring av tenester av allmennøkonomisk tyding (EUT L 7 av 11.1.2012, s. 3).

Mottakarar av tilskot som både har økonomisk og ikkje-økonomisk aktivitet, skal ha ulike rekneskap for desse. Mottakarane må ha interne retningslinjer som sikrar at felleskostnadar blir fordelte på ein forholdsvis måte mellom den økonomiske aktiviteten og den ikkje-økonomiske aktiviteten.

Kommunal- og distriktsdepartementet og tilskotsforvaltar kan be om informasjon frå søkjar som er naudsynt for å avgjere om støtta er foreinleg med den indre marknaden.

§ 9. Krav til innhaldet i søknaden

Søknaden må innehalde følgjande opplysningar om søkjar og økonomi:

- a. namn på søkjar og organisasjonsnummer
- b. kontaktperson, administrativt ansvarleg eller prosjektleiar
- c. tilskotsbeløpet det blir søkt om
- d. beskriving av kva det blir søkt om midlar til
- e. eit spesifisert og kostnadseffektivt budsjett og ein finansieringsplan
- f. informasjon om regional medfinansiering på minimum 20 prosent og/eller tilsvarende eigeninnsats.

Aktørar som yter regional medfinansiering etter første ledd bokstav f kan til dømes vere kommunar, fylkeskommunar, stiftelsar og næringsliv. Med eigeninnsats etter første ledd bokstav f meiner ein løn eller timeinnsats, økonomiske bidrag og honorar, samt lokale og utstyr.

Søknaden må òg innehalde følgjande:

- a. omtale av mål og målgrupper
- b. forventa resultat vurdert opp mot kriteria for måloppnåing
- c. gjennomføringsplan inkludert tidsplan
- d. eit relevant kunnskapsgrunnlag, frå til dømes fylkeskommunen, som beskriv behova i arbeidsmarknaden
- e. informasjon om at studiesenteret har kapasitet til å oppretthalde og/eller etablere nye studietilbod
- f. ein underteikna avtale mellom studiesenteret og utdanningsinstitusjon (eller tilbydar(ar)) om å samarbeide om eit desentralisert og/eller fleksibelt utdanningstilbod.

Den underteikna avtalen etter tredje ledd bokstav f må òg innehalde informasjon om roller og ansvarsfordeling mellom dei involverte aktørane, fakta om dei konkrete tilboda dei vil samarbeide om, samt korleis studiesentera vil legge til rette for studiane for studentane.

Søkjar skal sende inn søknad om tilskot i regionalforvaltning.no. Tilskotsforvaltar fastset søknadsfrist. Søknader som kjem inn etter fristen kan bli avviste.

Tilskotsforvaltar kan krevje ytterlegare dokumentasjon for å vurdere søknadane.

§ 10. Tildelingskriterium og utmåling av tilskot

Følgjande krav må vere oppfylte:

- a. regional medfinansiering på minimum 20 prosent og/eller tilsvarende eigeninnsats, jf. § 9 første ledd bokstav f
- b. søkjar må gjere greie for at studiesenteret har kapasitet til å gjennomføre studietilbodet jf. § 9 tredje ledd bokstav e.

Tilskotsforvaltar skal fordele midlane til studiesentera basert på søknadar og prioritere tilskot som i størst mogeleg grad bidrar til måloppnåing jf. § 6.

Tilskotsforvaltar kan gi tilsegn om tilskot til studiesentera med ei varigheit på inntil tre år med atterhald om Stortinget sitt årlege budsjettvedtak, eller fullfinansierte heile drifta det eine året. Tilsegna vil vere gyldig tilsegnsåret pluss to år. Etter det må ein søke om tilskot på nytt.

Tilskotet skal berre dekke kostnadar som er naudsynte for gjennomføring og føremålet med ordninga.

Tilskotet kan ikkje finansiere følgjande:

- a. kausjon eller annan økonomisk garanti
- b. renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte studiesentertilbod
- c. avsetning av midlar til uspesifiserte fond
- d. fysiske bygg.

Tilskot kan ikkje finansiere følgjande driftskostnadar:

- a. utstyr over ein samla kostnad på 50 000 kroner
- b. løn til undervisarar som er finansierte av andre institusjonar og organisasjonar
- c. fagleg og pedagogisk utvikling av undervisarar
- d. oppgåver som utdanningsinstitusjonane har eit eige ansvar for
- e. reise- og opphaldskostnadar for studentar
- f. reise- og opphaldskostnadar for undervisarar kan dekkast dersom andre kjelder til finansiering ikkje er

mogeleg.

Kapittel IV. Felles føringar om rapportering, kontroll og klage

§ 11. *Krav til rapportering frå mottakarar av tilskot*

Rapportering om midlane skal skje i regionalforvaltning.no.

Mottakar av tilskotet skal beskrive resultat- og måloppnåing av tilskotet og om gjennomføringa var etter planen, jf. §§ 2 og 4 for mobiliseringsordninga og §§ 6 og 9 for studiesenterordninga.

Mottakar skal levere rapport om bruken av midlane til tilskotsforvaltar i tråd med prosjektplan og budsjett, jf. § 6 for mobiliseringsordninga og § 9 for studiesenterordninga. Rapporten skal innehalde revisorbekrefta rekneskap frå registrert revisor, og opplysningar som er naudsynte for at tilskotsforvaltar kan gjennomføre kontroll. Tilskotsforvaltar kan sette ytterlegare krav til rapportering i tilskotsvedtaket.

Dersom det skjer endringar i føresetnadane for tildeling av tilskot, skal mottakar gi beskjed til tilskotsforvaltar utan opphald.

§ 12. *Kontroll*

Tilskotsforvaltar fører kontroll med at tilskotet er brukt i tråd med føresetnadane i forskrift og tilskotsvedtaket.

Mottakar av tilskotet skal gje all naudsynt informasjon ved spørsmål, for at tilskotsforvaltar kan gjennomføre kontrollen som nemnd i første ledd.

§ 13. *Bortfall av tilskot og tilbakebetaling*

Dersom det er utbetalt tilskot i strid med denne forskrifta, eller tilskotet ikkje er utbetalt eller nytta i samsvar med føresetnadane for tildelinga, kan tilskotsforvaltar krevje heile eller delar av tilskotet tilbake, eller ikkje utbetale resterande tilskot.

§ 14. *Handsaming av søknadar, utbetaling av tilskot og klage*

Tilskot til mobilisering skal i hovudsak utbetalast på etterskot. Minst 25 prosent av tilskotet skal haldast tilbake til prosjektet er avslutta, og forvaltar har motteke sluttrapport.

Heile tilskotet til studiesentera kan utbetalast når vilkåra, sett av fylkeskommunen i tilsegnsbrevet, er akseptert.

Forvaltningslova gjeld for alminnelege reglar, som sakshandsaming og klage.

Kapittel V. Avgjerd om forvaltinga i fylkeskommunane

§ 15. *Kven som forvaltar tilskotet og deira fullmakter*

Ordninga blir forvalta av fylkeskommunen på bakgrunn av løyvinga frå Stortinget. Fleire fylkeskommunar kan samarbeide om eit prosjekt eller eit studiesentertilbod, men éin fylkeskommune må stå som ansvarleg forvaltar.

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling. Fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av året for løyvinga.

Fylkeskommunane har fullmakt til å:

- a. bestemme i kva år eit tilsegn skal bli gitt
- b. avgjere kor lenge gjeldande tilsegn er gyldig, men maksimalt for tilsegnår pluss to år
- c. handsame søknad om å forlenge gjeldande tilsegn
- d. gi unytta midlar til nye tiltak i tråd med måla for løyvinga.

Fylkeskommunane kan finansiere tiltak og prosjekt i eigen regi, eller etablere egne regionale støtteordningar av midla under mobiliseringsordninga.

Fylkeskommunane kan overføre midlar frå mobiliseringsordninga til studiesenterordninga. Midlar på sistnemnde ordning skal kun gå til studiesentera. Dersom fylkeskommunen overfører midlar må dei delane av forskrifta som gjeld for studiesenterordninga bli følgt.

§ 16. Ansvar og oppgåvene til fylkeskommunen

Fylkeskommunen er ansvarleg for at forvaltinga av løyvinga skjer i tråd med forskrifta og gjeldande lover og regelverk, mellom anna forvaltningslova og Det europeiske økonomiske samarbeidsområde § 63 og vedlegg XV 1h jf. § 8, og eventuelt setje i verk sanksjonar, jf. § 13 Bortfall av tilskot og tilbakebetaling.

Fylkeskommunen fastset eventuelt andre vilkår som er naudsynte for å sikre at løyvinga blir brukt i samsvar med vilkår i oppdragsbrev frå oppdragsgjevar og forskrift for ordningane.

Det er høve til å kombinere tilskot frå ordningane med andre offentlege verkemiddel, med dei avgrensingar som følgjer av reglane om offentlig støtte.

Fylkeskommunen skal utarbeide søknadsskjema, sette søknadsfrist og utløyse tilskotsmidlane på regionalforvaltning.no og tildele midlar dersom ordninga er søknadsbasert, jf. Reglement for økonomistyring i staten kap. 6.3 Tilskuddsforvaltning. Vidare skal tilskotsforvaltar spesifisere heimel som stønad vert tildelt etter, jf. § 8.

Alle tildelingar og rapportering skal registrerast i regionalforvaltning.no i tråd med skjema for tilskota.

Fylkeskommunen skal rapportere gjennom regionalforvaltning.no til departementet på kriterium for måloppnåing jf. § 2 for mobiliseringsordninga og § 6 for studiesenterordninga. Rapporten skal mellom anna innehalde ei oversikt over tildelingane og ei vurdering av korleis tildelingane har bidratt til å nå føremålet med ordningane.

Departementet kan gje nærare føringar for rapportering til fylkeskommunane i oppdragsbrev.

Fylkeskommunane oppmodast til å drøfte sine planlagde tiltak og utlysingar i regionale kompetanseforum og liknande partnerskap.

§ 17. Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til fylkeskommunane

Fylkeskommunen kan bruke inntil fem prosent av løyvinga til mobiliseringsordninga til å dekke egne administrasjons- og gjennomføringskostnader knytt til forvaltning av kap. 553 post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta.

§ 18. Kontroll med fylkeskommunane og tilbakeføring av midlar

Kommunal- og distriktsdepartementet kan føre kontroll med at fylkeskommunen forvaltar ordninga i tråd med forskrifta og premissane til Stortinget.

Fylkeskommunen skal på førespurnad hente inn og sende alle dokument som er naudsynte for at departementet kan føre kontroll etter første ledd.

Dersom løyvinga ikkje er forvalta i tråd med forskrifta eller Stortinget sine føresetnadar, vil departementet be om ei skriftleg utgreiing. Gjentatte feil kan føre til krav frå departementet om tilbakeføring av heile eller delar av løyvinga, eller reduksjon av løyvinga til fylkeskommunen for komande år.

Kapittel VI. Sluttmerknader

§ 19. *Dispensasjon*

Departementet kan i særlege tilfelle fråvike denne forskrifta.

§ 20. *Overgangsreglar*

For tilskota som blei tildelte i 2024, før forskrifta tredde i kraft, gjeld retningslinjene utforma for budsjettpost kap. 553, post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta for 2024.

§ 21. *Iverksetjing*

Forskrifta trer i kraft 3. april 2025.